

# FØRESEGNER

## § 1

Desse føresegnene gjeld for det området som er vist med reguleringsgrense på plankartet.

## § 2

Området er regulert til fylgjande føremål:

Byggeområde  
Landbruksområde  
Spesialområde  
- privat veg og parkeringsplass  
- kommunalteknisk verksemd

## BYGGEOMRÅDE

### § 3 HYTTER

- a) Hytter skal plasserast som vist i plankartet og i samsvar med innmålt pel i terrenget. Pelen skal ligge innom hytteveggane. Mindre justering av hyteplasseringa kan gjerast av Vinje kommune.
- b) For frittliggande hytte skal bebyggd areal BYA ikkje vera større enn 100 m<sup>2</sup>. Bygget skal ha saltak med gesimshøgde på maksimalt 3.0 meter og største mønehøgde på 5.5 meter.
- c) På kvar hyttetomt kan det oppførast uthus/bod /anneks på inntil 20 m<sup>2</sup> knytt til hovudbusetnaden slik at bygga dannar eit tun. Uthuset/annekset skal byggast med saltak, største gesimshøgde på 2.5 meter og mønehøgde på maksimalt 4.5 meter.
- d) Uthus skal førast opp utan isolasjon og innvendig kledning og med vindauge i avgrensa omfang.
- e) Bygg skal best mogeleg underleggast naturpreget i området og ha ei enkel og god utforming. Utvendes skal det nyttast trematerialar, ståande kledning og naturvenlege fargar.
- f) Bygg kan berre oppførast i ein etasje. Høgda på grunnmuren skal ikkje overstige 80 cm.
- g) Taket skal utførast som saltak med takvinkel på 22 - 30 grader. Taktekking skal vera torv eller mørke bord.
- h) Eksisterande vegetasjon og terreng skal i størst mogeleg grad takast vare på.
- i) Det skal ikkje setjast opp gjerde eller flaggstenger i området.
- j) Der hyttene står på pillarar, må det gjerdast mellom desse på grunn av sau m.v.

### § 4 LANDBRUKSOMRÅDE

Området skal nyttast til tradisjonell landbruksdrift. Bygg knytt til slik drift kan oppførast i området etter godkjenning frå Vinje kommune.

### § 5 SPESIALOMRÅDE

Opparbeidd privat veg skal nyttast som tilkomstveg til hytter og parkeringsplassar. Tilstrekkeleg parkeringsareal for 2 bilar skal opparbeidast på kvar tomt. Område regulert til kommunalteknisk verksemd skal nyttast til renovasjon og reinseanlegg. Skulle ein koma over automatisk freda kulturminne må ein straks varsle Fylkeskommunen og arbeidet stansast

## § 6 ALMENNE FØRESEGNER

### 6.1 VATN OG AVLAUP

Hytter i det regulerte området kan ha låg, middels eller høg sanitær standard. Ved utbygging av middels eller høg sanitær standard, må det ligge føre avlaupsplan godkjent av Vinje kommune.

### 6.2 RENOVASJON

Hushaldsavfall vert tekje hand om av kommunen gjennom tvungen kommunal renovasjonsordning. Hytteeigarar pliktar å levere avfall etter nærare tilvising frå kommunen.

### 6.3 STRAUMFORSYNING

Straumforsyning til nye og eksisterande hytter i området, skal leggast i jordkabel.

## § 7 UTBYGGINGSAVTALE

Før planen kan gjennomførast, bør det ligge føre godkjend utbyggingsavtale mellom utbyggar og kommunen der tilhøve vedkomande parkering, brøyting, renovasjon, vassforsyning o.l. er avklåra.

## § 8 DISPENSASJON

Planutvalet kan, når særlege grunnar talar for det, tillate mindre vesentlege unntak frå desse føresegnene innom ramma av Plan- og bygningslova.

## § 9 PRIVATRETTSLEGE AVTALER

Etter at planen med tilhørande føresegner er vedtekjen, kan det ikkje opprettast privatrettslege avtaler som er i strid med planen eller føresegnene.